

Fotball 15-åring fra SIF på landslaget



Harald Nilsen Tangen
Etterbringer vanligvis fotball-
treningene sammen med SIF
G16 i Stavanger. Nå venter
landskamper i Østerrike.
FOTO: LARS EMM WAAGE

Det ukjente stortalentet

➤ Da landslagstrener Gunnar Halle oppdaget de offensive egenskapene til Harald Nilsen Tangen (15), var veien til G15-landslaget kort. **Nå venter storkamper for SIF-spilleren.**

Klar for landslagsturnering. Utklipp fra Stavanger Aftenblad fredag.

Vi har tidlegare hatt eit par artiklar om fotballtalentet Harald Nilsen Tangen(15) med mykje slekt i Uskedalen og Kvinnherad. Fredag fulgte Stavanger Aftenblad opp med ei heilside under tittelen Det ukjente stortalentet. Onsdag reiste han til storturnering i Østerrike og Italia, og søndag reiser faren, Rune Nilsen, etter for å få med landslagsdebuten til Harald.

Aftenbladet slår innleilingsvis fast at ungguten har litt å slekta på når det gjeld fotballforståing og fotballdugleik. Dei viser til onkelen, Eirik Tangen, som spelte på juniorlandslaget, SIF og Viking, og faren, Rune Nilsen, som var i landslagsdiskusjonen på aldersbestemte landslag og seinare var mangeårig kaptein på SIF på nest øvste nivå.

Når dei kallar Harald det ukjente stortalentet, har det nok samanheng med at han framleis har valt å spela på G16-laget til SIF medan mange meiner det burde vore på tide med overgang til Viking.

Aftenbladet skriv at då landslagstrener Gunnar Halle oppdaga dei offensive eigenskapane til Harald, var vegen til landslaget kort. Han har vore med på to samlingar i Trondheim, den første i desember. Halle fortel til

Aftenbladet at Harald Nilsen Tangen gjorde det godt i Trondheim, og fortener absolutt landslagsplassen.

- Nilsen Tangen er spesielt god framover i banen, har tempo og kan lett dra av ein mann. Av den grunn vurderer vi også å bruke han som ving på landslaget, uttalte landslagstrenaren om midtbanespelaren til Aftenbladet.

I turneringa i Østerrike og Italia er det 3 innleiingspuljer kvar på 4 lag. Alle dei store fotballnasjonane som Brasil, England, Russland og Italia deltar. I gruppespelet møter Noreg Japan, Østerrike og Mexico.

Harald seier at han ikkje kjenner så mykje til motstandarane, men han håpar å spela godt, og såleis bidra til at laget vinn kampar. Sjølv sagt gleder han seg stort til turneringa.

Harald Nilsen Tangen er ønska av den engelske storklubben Crystal Palace etter treningsopphald der, men han meiner at forholda for vidare utvikling ligg godt til rette i Stavanger så han ønskjer å verta der ei stund til. Gunnar Halle støttar ungguten i det valet.

-Det heile er opp til Harald, Han er framleis i starten av fotballkarriera, og rangstigen kan klatrast ytterlegare. Eg har tru på guten, avsluttar landslagstrener Gunnar Halle, mangeårig proffspelar i Premier league, til Stavanger Aftenblad.



Landslagsspelaren saman med dei allsidige Uskedalsjentene Amalie, Thea og Hanna på kunstgrasbanen i påsken.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Fotoutklipp frå avisa: Leif Arne Døssland